



Leiknes Fus Barnehage AS

Storneset

5915 HJELMÅS

Referanser:

Dykker:

Vår: 17/1728 - 18/8321

Saksbehandlar:

Astrid Namtvedt Sylta

[syas@lindas.kommune.no](mailto:syas@lindas.kommune.no)

Dato:

14.03.2018

## Rapport frå tilsyn iLeiknes FUS barnehage 05.03.2018

Det er barnehagen / barnehageeigar som er målgruppa for tilsynsrapporten. Rapporten skal beskrive tema for tilsynet, formidle dei rettslege krava, kva vi har undersøkt, våre vurderingar og kva vi har konkludert med.

### Tema for tilsynet

Det er gjennomført tilsyn med Leiknes FUS barnehage der temaet var, sitat rammeplan:

- *Barnehagen skal fremje kommunikasjon og språk.*
- *Kommunikasjon, språk og tekst.*

Tilsynsmynde har vurdert om barnehagen har ei drift som er lovleg og forsvarleg i høve til Barnehagelova og forskrift. Under kapittel *Barnehagen skal fremje kommunikasjon og språk og Kommunikasjon, språk og tekst* i Rammeplanen, kjem det tydeleg fram kva barnehagen skal leggje til rette for i arbeidet med språk og kommunikasjon. Med utgangspunkt i dette har tilsynsmynde gjennomført tilsynet i Leiknes FUS barnehage.

Før tilsynet vart gjennomført ba Lindås kommune om å få tilsendt følgjande dokumentasjon:

- Barnehagen sin årsplan.
- Anna relevant dokumentasjon i høve til tema språk og kommunikasjon.
- Plan for implementering av ny rammeplan, fokus på språk og kommunikasjon.
- Kompetanseplanar.

### Formålet med tilsyn/rettslege krav

#### § 16. Tilsyn

*Kommunen fører tilsyn med virksomheter etter denne lov.*

*Kommunen kan gi pålegg om retting av uforsvarlige eller ulovlige forhold ved godkjente eller godkjenningspliktige virksomheter. Hvis fristen for å etterkomme pålegget ikke overholdes, eller hvis forholdet ikke lar seg rette, kan kommunen vedta tidsbegrenset eller varig stenging av virksomheten. Kommunens stengingsvedtak skal sendes fylkesmannen til orientering.*

*I stedet for eller i tillegg til stenging av virksomheten, kan kommunen bruke økonomiske reaksjoner overfor ikke-kommunale barnehager dersom krav etter § 14 a, eller forskrift i medhold av samme bestemmelse, ikke er overholdt.*

#### Post

[postmottak@lindas.kommune.no](mailto:postmottak@lindas.kommune.no)  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

[www.lindas.kommune.no](http://www.lindas.kommune.no)  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311  
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



*Vedtak om retting og stenging og vedtak om anvendelse av økonomiske reaksjonsmidler kan påklages til fylkesmannen.*

Tilsynet er dei aktivitetar som kommunen utøver for å sikre seg at barnehagane vert drivne i høve til krav i Barnehagelova og forskrift. I tillegg til å kontrollere om lovverket vert følgd, er det eit tilsynsansvar å gjere faglege vurderingar og gje rettleiing. På nokre område gjev lova detaljerte føringar, medan det på andre område er ope for skjønn.

I tilsynsoppgåva ligg det at det skal førast kontroll med at barnehagane følgjer gjeldande regelverk, og at det vert gitt reaksjonar når ikkje krav vert oppfylte.

Rapporten omhandlar resultat frå tilsynet som var meldt 03.01.2018 og som var gjennomført 05.03.2018.

### **Gjennomføring av tilsynet**

Tilsynet er gjennomført ved å hente inn og vurdere dokumentasjon. Det er også gjennomført synfaring ute i barnehagen og intervju / samtale etter oppsett plan.

Oversikt over personer som vart intervjuet i tilsynet :

Namn	Stilling
Marit Urdal Hauge	Eigar / styrar
Linda Skarsten	Pedagogisk leiar
Ingunn Runde	Assistent
Camilla Padøy Fyllingsnes	Fagarbeidar
Anette Wichstrøm	SU

Tilsynet vart gjennomført av Astrid Namtvedt Sylta, Lindås kommune og Rita Valdersnes Amundsen, Radøy kommune.

### **Våre vurderingar**

I tilsynsbesøket møtte tilsynsmyde representantar frå dei ulike yrkesgruppene i barnehagen. Mynde hadde også samtale med foreldrerepresentant. Gjennom samtalane fekk mynde oversikt over korleis det vert arbeidd med tema språk og kommunikasjon i barnehagen, og kva kompetanse som er i barnehagen. Mynde fekk informasjon om korleis foreldre vurderer barnehagen.

I samtale med SU-representanten fekk mynde eit bilet av barnehagen sett frå foreldre sin ståstad. SU-representanten var nøgd med barnehagen, og hadde heller ikkje fått melding frå andre foreldre om noko anna. Ho fortalte korleis barnehagen lærte barna å verte kjent med eigne følelsar. Gjennom *raude* og *grøne* tankar sette barna ord på eigne følesar. SU-representanten gav uttrykk for at dei tilsette brukte språket på ein god måte saman med barna.

SU-representanten sa at det i ein periode hadde vore mykje sjukdom og utskifting i personalet. Barnehagen hadde hatt eit godt rykte, men ei stund var ho usikker på korleis stoda var. No hadde dette endra seg, informasjon til foreldre var blitt betre og det var ei positiv utvikling i barnehagen.

Språk er eit satsingsområde i Leiknes barnehage. I samtale med dei tilsette viste det seg likevel av det var ulikt korleis det vart jobba med språk på dei ulike avdelingane. På småbarnsavdelingane var det fokus på språk gjennom heile dagen. Der hadde dei språkgrupper kvar veke, og dei las mykje for barna. På stor

avdeling var det mindre struktur på språkarbeidet. Det meste av språkarbeidet gjekk føre seg i daglege situasjonar. Årsakene til dette var fleire – sjukdom, vikarar, store barnegrupper, travelheit. Dei tilsette var klar over at dei hadde ein jobb å gjere i høve til planlegging, innhald, progresjon, kartlegging og dokumentasjon. Alle dei tilsette gav uttrykk for at dei ønskte å gjere endringar på desse områda.

Dei tilsette var glade for at dei no hadde fått på plass avdelingsmøter anna kvar veke. Dei hadde og fått betre system for planleggingstid, men her gjenstod litt arbeid. Skal barnehagen vere ein lærande organisasjon, må dei tilsette ha tid til å planlegge og reflektere saman.

I samtale med styrar kom det fram at dette barnehageåret av ulike årsaker hadde vore krevjande. Barnehagen hadde klare planar om å gjere endringar frå hausten. Styrar fortalte at dei skulle starte opplæring i De utrolige årene, DUÅ. Barnehagen er og med i språkprosjektet til Lindås kommune, og skal ta i bruk Språkløypene som ein finn på Udir. Styrar må vurdere om dei skal starte begge prosjekta frå hausten, eller vente med det eine til nyttår. I samband med språkprosjektet hadde styrar allereie gjort avtale med barnehagelærarspesialist om rettleiing i høve til godt språkarbeid i barnehagen. Denne rettleiinga skal starte no i vår.

Som allereie sagt er det ulik kvalitet på språkarbeidet i Leiknes FUS barnehage. Det beste arbeidet finn ein på småbarnsavdelingane. Det er viktig å påpeike at også på dei store avdelingane vart det jobba med språk, men dei tilsette var ærlege på at der var det forbettingspotensiale. Prosjekta barnehagen skal i gang med, viser at dei tilsette ønsker å forbetre og utvikle dette.

## Konklusjon

Dei tilsette i Leiknes FUS barnehage ønsker å jobbe betre med språkarbeidet i barnehagen. Gjennom ulike prosjekt og ved å søkje rettleiing, vil rådmannen følgje utviklinga i språkarbeidet i barnehagen. Våren 2019 vil Leiknes FUS barnehage få nytt tilsyn på tema språk, tekst og kommunikasjon.

## Samsvar med Barnehagelova

Tilsynsnemnda har i tilsyn med Leiknes FUS barnehage ikkje avdekkja lovbroter.

Med helsing

Kristin Moe  
kommunalsjef

Astrid Namtvedt Sylta  
rådgjevar oppvekst

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

## Mottakarar:

Leiknes Fus Barnehage AS

Storneset

5915

HJELMÅS